



**Forsand
Elverk KF**
- rein kraft -



ÅRSRAPPORT 2010

66. DRIFTSÅR

Forsand Elverk KF

STYRET SI MELDING.

ORGANISASJON.

Forsand Elverk vart starta i 1944. Elverket er eit kommunalt føretak som Forsand Kommune eig med kommunestyret som øvste mynde. Vedtaket om å organisere Forsand Elverk som kommunalt føretak vart vedteke den 19.06.02 av kommunestyret. Namnet vart då Forsand Elverk KF.

Elverkstyret leier elverket si verksemd og er ansvarleg ovafor kommunestyret.

STYRET.

Styret for Forsand Elverk KF har 3 medlemmer med 2 varamedlemmer som er valde av kommunestyret. Styret har i 2010 hatt 3 styremøter.

Styret:

Medlem:

Liv Torunn Vika (leiar)

Kåre Oaland (nestleiar)

Gunvor L. Berge

Varamedlem:

Thor Espedal

Trond Olav Tangen

I tillegg møter dagleg leiar.

ADMINISTRASJON.

Elverksjefen er dagleg leiar av verksemda. Ved utgangen av året var det 10 tilsette ved elverket tilsvarande 7,25 årsverk.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHET (HMS), ARBEIDSMILJØET.

Forsand Elverk KF har bedriftshelseteneste gjennom avtale med Strandsonen AS. For administrering av HMS-oppgåvene og internkontroll nyttast databasert HMS- handbok frå Infotenester AS. Elverket sine rutinar, skjema og handlingsplanar samt tilgang til lover, forskrifter, interne rutinar og instruksar er lagt til rette i ein mappestruktur som er bygd opp rundt krav til dokumentasjon i internkontrollforskrifta.

Det er i 2010 gjennomført opplæring i driftsforskriftar og førstehjelpskurs. Det blir jamleg halde personalmøter og det er utarbeida HMS handlingsplan for neste år.

Målet er å få så god og trygg arbeidsplass som mogleg med god oversikt og informasjonsutveksling.

DLE

Forsand Elverk KF er med heimel i tilsynslover pålagt å føre tilsyn innanfor sitt forsyningsområde. Retningsliner for arbeidet er gitt av direktoratet for samfunnstryggleik- og beredskap (DSB). DLE er pålagt å samarbeide med og koordinere sitt tilsyn med andre etatar, t.d. brannvesenet.

For å utføre fysiske tilsyn i vårt konsesjonsområde etter elverket sin tilsynsplan, er det inngått avtale med Agder Energi Nettkonsult AS.

PERSONAL

Styret har òg som mål at ein ved tilsetjingar, løns- og personalpolitikk og i andre høve skal fylgja "Lov om jamstilling mellom kjønna". Det vedtekne "lønssystem for Forsand Elverk KF" vil vere til hjelp i dette arbeidet. Av dei tilsette er i dag 30 % kvinner. Dei tilsette har lang ansiennitet i elverket og gjer at me har god kompetanse og tryggleik i drifta.

Sjukefråveret i 2010 var 1,0 %.

YTRE MILJØ.

1

Forsand Elverk KF. Årsrapport 2010. 66. driftsår.

Stolpeimpregnering, transformatorolje og ulike isolasjonstoff som nyttast kan påverke miljøet. Det er gode rutinar for å handtere slike stoff og forureiningsfaren ser ein på å vere liten. Forsand Elverk KF har ikkje hatt uhell med miljømessige konsekvensar. I vårt daglege virke vektlegg vi å ferdast skånsamt i naturen, samt å nytta miljøvenlege stoff og handtere avfall korrekt. Denne målsetjinga blir fylgt opp gjennom internkontrollsystemet.

KRAFTOMSETJING.

Kraftkjøpet i 2010 var totalt 41.366 MWh i fylgje kraftbalansen. Elverket sin konsesjonskraftkvote er 38.500 MWh.

Målt i sekundærstasjonen, medteke Lysefjorden og mikrokraftverk var uttaket 29.993 MWh, medan salet i nettet var på 28.009 MWh. Nettapet vert då 6,43 %. Dette er lågare enn i fjor. Tapet verkar reelt og har ein storleik som kan akseptast med nåverande last og kapasitet.

For 2010 har elverket omsett den konsesjonskrafta som ikkje er levert i eige nett i kraftmarknaden, noko som har medført inntekter på om lag kr. 2,6 mill netto i året. Det har vært mindre kraftmengde til omsetning i marknaden enn føregåande år, grunna større leveranse i distribusjonsnettet. Prisane i marknaden har vore høgare enn føregåande år. For omsetjinga er det marknadsprisen som er den variable, mens kostnadane til overføring og kjøp er aukande.

Forbruket i Forsand gjekk opp med 11,61 % samanlikna med året før.

NYANLEGG OG DRIFT.

Elverket bruker kundesystemet "Elwin" hjå Kelin Kraft AS til rekneskapen for kraft- og nettleveransane.

Vidare kjøper ein også tenester frå Kelin Kraft AS og Markedskraft AS for kraftomsetjing og marknads-tilknytning.

Elverket kjøper serverløyising frå Doorway AS via Kelin Kraft AS.

Elverket sine datasystem og kjøp at datatenester er til vurdering ved utgangen av året, og me venter inn tilbod frå andre aktuelle leverandørar.

Det er i året kopla til 2 hytter, 12 bustadhus, 1 næringsverksemdar, 4 mindre anlegg, til saman 19 nye anlegg.

Det er god byggeaktivitet og antall nyanlegg totalt er stort sett likt frå år til år, med noko skilnad mellom fritidsbustadar og bustadar. Denne tendensen er det grunn til å tru at vil halde seg. Det er ved utgangen av 2010 meldt om fleire nye felt for fritidsbustadar, samt at det er bustadområde som er til handsaming.

Høgspent.

Det er lagt nye kabeltrasear i Rossavik, Høllesli – Hamn, Oanes og Kvednaneset. Dessutan er det utført mykje skogrydding og anna vedlikehald.

Lågspent.

Det er lagt nye anlegg i Rossavik, Oanes samt omleggingar i Erevik. Dessutan er det gjort nytte av tidlegare etablerte anlegg ved nytilknytningar.

DRIFT.

Drift og vedlikehaldsarbeid blir fylgt opp etter naudsynt vedlikehaldsbehov og etter forskriftskrav. Forskriftskrav rundt person og teknisk tryggleik er styrande. I tråd med overordna føringar for driftstryggleik har det vært fokus på rydding i linjetrasear.

VEGLJOS.

Elverket bygg og vedlikeheld vegljøs for Forsand kommune etter rekning. Vegljøs er ikkje ein del av elverket sitt anlegg- eller kapitalgrunnlag. I 2010 er det gjort utskiftingar av om lag 40 lyspunkt på grunn av at armaturane innehelder miljøgifter og er pålagt utskifta. Utskiftingane bidreg også til betre økonomisk drift av gatelysanlegga ved at det er mindre straumforbruk i dei nye armatura.

DRIFTSSTANSAR.

Det har i året vore 10 avbrot i eige nett som ikkje var planlagt og 1 ikkje planlagt avbrot på overliggande nett. Det har vore 8 planlagde utkoplingar i eige nett i tilknytning til arbeider.

ENØK

Elverket krev inn 1 øre/kWh til Energifondet ENOVA. Dette vert kravd inn på nettariffen. Midlane vert brukt til energiøkonomisering.

ØKONOMI.

Forsand Elverk KF legg fram rekneskapen i samsvar med rekneskapsloven sine krav og god rekneskapskikk.

Netto driftsinntekter i 2010 er 21,649 mill. kr. mot 20,147 mill. kr. året før. Driftskostnaden er 15,153 mill. kr. mot 13,725 mill. kr. året før. Dette gir eit driftsoverskot på kr. 6,495 mill. mot kr 5,818 .mill. budsjettert. Nettinntekta viser ei mindreinntekt på kr. 1,595 mill i høve til NVE si inntektsramme. Mindreinntekta er ikkje ført i rekneskapen. Dette gir eit driftsoverskot på nettverksemda med kr. 0,619 mill. Sjå note 1 og 7.

Av årets overskot etter skatt på kr. 6.505.828 føreslår styret at det vert avsett til eigar kr.3.000.000 til utbetaling 2011. I samsvar med rådmannen sitt budsjettframlegg er det av inntekta frå 2010 allereie utbetalt eit utbytte på kr 1.000.000, i tillegg til kr.2.000.000 som vart avsett i 2009.

Meir-/mindreinntekt med berekna renter skal godkjennast av NVE etter rekneskapsrapporteringa.

Mogleg endring skal takast med på rekneskapen for 2011.

Meir-/mindreinntekt blir generert av differansen mellom fakturert nettleige og justert inntektsramme gitt av NVE. Etter retningsliner frå NVE skal meir-/mindreinntekt så langt som mogleg bli tatt omsyn til i tariffberekninga. Saldo skal først som gjeld eller krav på nettkundane.

KILE-kostnader skal gå til frådrag på inntektsramma.

Etter styret si oppfatning gir rekneskapen eit rett bilete av drift og finansiell stilling.

YMSE.

NVE har vedteke at alle kommunar skal ha ei energiutgreiing og at elverket og kommunane skal vera ansvarleg for arbeidet. Utgreiinga vert oppgradert, og ligg m. a på våre nettsider. Elverket står for utgreiinga og kostnaden vert dekkja av nettariffen.

FRAMTIDSUTSIKTER.

Omsetjinga av straum i elverket sitt nett har auka meir enn forventta i 2010.Årsaka var lenger kuldeperiode, og ein ventar ikkje at denne auken vil halde fram i 2011.

Varsla regulering av inntekstramme og auka leige til overordna nett ventar ein vil ha verknad på nettleiga framover. Store investeringar i overliggjande nett ventar ein vil gi betydelig prisauke for uttaket til distribusjonsnett. Ein er usikker på kva betyding varsla inntekstrammeregulering vil ha. I tillegg er det ikkje avklart kva verknad grøne sertifikat vil ha for nettkostnadane.

Innafor eige distribusjonsnett er utsiktene gode. Varsla bustadbygging sentralt i forsyningsområdet vil gi betre utnytting av eksisterande nett og bidra til at ein kan halde stabile prisar viss utbyggingane kjem som signalisert. Også mogleg kraftutbygging i Songesand vil slå positivt ut for nettleiga viss ein får etablert tilknytning til overordna nett her utan store kostnader for elverket, samt får innmatingstariff frå eventuelle kraftverk. På bakgrunn av dette ventar ein å halde rimelege prisar innafor den delen av nettleiga som elverket har påverknad på, men dette er bare ca 50 % av den totale nettleiga til kundane.

Styret ser det vidare som viktig å vedlikehalde linenettet slik at ein får best mogleg leveringstryggleik innafor fornuftige økonomiske rammer og vil halda fram med opprusting og utbygging av linenettet. Særleg viktig er det med reserveløysingar for å redusere avbrotstida. Ein har og nokre utfordringar i samband med småkraftutbygging, og ser det som viktig at desse kostnadane ikkje blir belasta dei øvrige kundane.

Styret ser det difor som naudsynt at resultatet m.a. vert nytta til styrking av eigenkapitalen.

Forsand, 07.04.11
Styret for Forsand Elverk KF

Liv Torunn Vika
leiar

Kåre Oaland
nestleiar

Jarle Larsen
dagleg leiar

Gunvor Levik Berge
medlem

REKNESKAPSPRINSIPP.

Generelt

Forsand Elverk KF legg fram årsrekneskapen etter rekneskapsvedtekter i rekneskapslova og i samsvar med god rekneskapsskikk, samt energilova sine forskrifter om rekneskapsføring.

Inntekts- og kostnadsføringsprinsipp.

Elverket nyttar reglar for tidfesting som fylgjer av rekneskapslova.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld.

Etter rekneskapsloven er omløpsmidler vurdert til det lågaste prinsipp av kostpris og verkeleg verdi.

Anleggsmidlar og avskrivningar.

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for årlege lineære avskrivningar. Alle kostnader som blir definert som nyanlegg eller kapasitetsutvidingar av eldre anlegg går til aktivering. Avskrivning vert gjort lineært over forventa gjenverande økonomisk levetid med tilrådde avskrivingssatsar jfr. note 9.

Varebeholdning.

Behaldningane av varer og driftsmidlar er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Behaldningane av reservedeler, anleggsutstyr m.m. som er skaffa i samband med gjennomførte investeringar er aktivert og avskrive saman med underliggjande driftsmidlar.

Anleggsbidrag og tilknytingsavgift.

Utrekna anleggsbidrag for nyanlegg utover tilknytingsavgifta vert ført til reduksjon av investering. Tilknytingsavgifta kjem som ei inntekt på driftsåret. Utgifter ved tilknytning av produksjonsanlegg må utbyggjar kosta sjølv som anleggsbidrag.